



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4644 - 21/55775

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.08.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 212/150 Eikanger øvre

Tiltak: 2 lagerbygg
Byggjestad: Gbnr: 212/150
Tiltakshavar: Nnp Parsell 17 AS
Ansvarleg søkjar: Rolv Eide AS

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 identiske lagerbygg (bygg A og B) på eigedomen gbnr 212/150. Kwart bygg vert innreia med store og små seksjonar som private og næringsdrivande kan leiga eller kjøpa, totalt 32 einingar.

Bygga har eit bygd areal (BYA) oppgitt til 1 475,4 m² og eit bruksareal (BRA) oppgitt til 1 454,5 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 33,6% BRA.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikanger næringsområde, planid 1263-201114, er avsett til areal for kombinert bygge- og anleggssføremål. Eigedomen ligg delvis innanfor område KBA1 og delvis innanfor område KBA3. Tillaten grad av utnytting etter gjeldande plan er 150 % BRA.

Tiltaket krev dispensasjon frå rekkefølgekrav til utbyggingstakt i føresegn 1.4.4 som seier at minimum 70 % av areala i delfelt KBA1 og KBA2 skal byggjast ut før ein startar på delfelt KBA3 og KBA4.

Politisk handsaming

Alver kommune har i administrativt vedtak datert 20.08.2021 gitt dispensasjon og løyve til oppføring av lagerbygga.

Søknaden har ikkje vore send på høyring før kommunen fatta vedtak. Vedlagt følgjer vedtaket til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I

klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@alver.kommune.no eller på telefon 56 37 50 00.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå rekkefølgekrav og løyve til oppføring av 2 lagerbygg - gbnr 212/150 Eikanger øvre
A-30 10 01 Situasjonsplan
A-30 20 01 Terrengprofiler
A-30 30 01 Plan 01
A-30 50 02 Fasader Sør og Øst
A-30 50 01 Fasader Nord og Vest
A-30 40 01 Snitt A-A og B-B

Kopi til:

Nnp Parsell 17 AS
Rolv Eide AS

Sandviksbodene 5
Postboks 325

5035 BERGEN
5343 STRAUME

Mottakarar:

Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 1010 Nordre Ål
Njøsavegen 2

2605 LILLEHAMMER
6863 LEIKANGER